

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 37/2006

Møtedato: 6.9.06

Arkiv nr: 343.2

Motorisert ferdsel – løyvetildeling

Fjellstyret har i sak 3/2005 gjeve signal om at ein ynskjer eit nærare samarbeid med kommunen samband med tildeling av løyver for motorisert ferdsel i allmenningen. Det har ikkje kome nokon respons på dette frå kommunen.

På fagdag om motorisert ferdsel i utmark opplyste Fylkesmannen at delar av dispensasjonspraksisen i kommunen ikkje var i samsvar med lovverket. Det kom ingen signal frå kommunen om at ein ville endre praksis. Alle løyva i kommunen er sagt opp og dei skal opp til ny vurdering i haust.

Etter dei signal fjellstyret tidlegare har gjeve, ynskjer fjellstyret ein meir restriktiv løyvepraksis enn det kommunen til dels har praktisert. Fjellstyret har påklaga vedtak i kommunen som det ikkje har vore lovgrunnlag for og FM har omgjort vedtak.

Vedtak i kommunen har fjellstyret tre veker klagefrist over jf. forvaltningsloven. Dette passar ikkje alltid i saman med tider fjellstyret har møte. Fjellstyret bør derfor vurdere om fjellstyreleiaren bør få fullmakt til å sende klage for fjellstyret dersom klage kan vera aktuelt.

Vedtak:

Fjellstyret gir fjellstyreleiaren fullmakt til å påklage kommunale vedtak om dispensasjon etter lov om motorisert ferdsel i utmark.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.9.06.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: